

## Lemming i nytt sauefjøs på Kjærland Gard.

11.04.2017



Tilje Eik Larsen er påskegjest og får vera med på lemminga. Her kosar ho seg med nyfødde lam som har det varmt og fint i bingen.

**Lemminga er i full gang i den nye sauefjøs på Kjærland Gard, hos Margun Eik og Anbjørn Høivik. 10 av totalt 30 sauer er ferdige med lemminga. Snittet pr. sau er 2,4 lam, eit resultat bonden er godt nøgd med. Den nye sauefjøs med foringsautomat og ny innreiing, levert av Felleskjøpet Rogaland/Agder, fungerer optimalt.**

Med utvida løe og ny sauefjøs fekk Margun og Anbjørn utvida arealet til det doble. Det er god plass til lemming og foring. Foringa er såkalla appetittforing, noko som vil sei at ein fyller på for 2. kvar dag og at sauene et fritt. Overgangen til store binger gjer at buskapen har det roleg og fint.



Talet på ryggen fortel at denne sauene skal lemme i morgon, 12. april. Fargen seier oss at sauene har tvillingar. Forhekkene er av typen Islandshekk. Olav Hjetland Bringedal har vore salskonsulent og levert foringsautomaten og strekkmetallet. Sjølve bygget er levert frå J. D. Bygg. Noko av innreiinga har vore på garden frå den tida Alvhild og Ståle Eik dreiv. Alvhild og Ståle er framleis aktive og til god hjelp i den hektiske tida lemninga pågår.



Bilete frå eit av to kamera som syner foringsautomaten med bladfyken og sjølvaste bonden i bakgrunnen



Det er areal til maks 90 sauer. For foringa sin del er det kapasitet til 60 sauer. Sjølve lamminga vert overvaka med to kamera og direkte overføring til mobiltelefon. Ringeklokka varslar 2. kvar time. Så er det å styra og sjå på kamera om det er aktivitet i bingen. Derson alt er roleg, er det berre å halda seg i senga. Kvar sau har eit tal med fargekode på ryggen. Det seier noko om dato for lamming og om sauen har 1, 2 eller 3 lam. Med ultralyd er alle sauene registrerte med antal lam.



10 av tilsaman 30 sauer har lemna til no. Snittalet pr. sau er 2,4 lam, eit tal Anbjørn Høvik er godt nøgd med.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal

Foto: Anbjørn Høvik/ Eirik Larsen